



# Nettverksposten

Magasin for, av og om kvinner i Sogn og Fjordane

Nr. 4

september 2005

• Innhold:  
engelsk fjordsymjar, polsk kunstformidlar,  
satsar figurativt på Vestlandet  
og ENKer syng ut mot skatterreforma



# Guro Øverbye

## Satsar seriøst på kunst & Vestlandet


For to år sidan tok Guro Øverbye sats og gjorde det ho aller helst har hatt lyst til store delar av livet; å jobbe seriøst med kunst. Ferdig med kunstuddanninga gir ho seg to nye år for å sjå om det går an å leve av kunsten ålefine. På Vestlandet.

I 15 år arbeidde ho som skiltmakar, men no er det måling og teikning som tek all tid.

Dei to siste åra har ho vore elev ved Torhild Ramberg Studio i Stein-kjer ([www.trstudio.no](http://www.trstudio.no)). Der har ho kunna konsentrere seg fullt og heilt om elevarbeid innafor klassisk figurativ kunst. Utdanninga vil ho nytte som grunnlag for å utvikle seg vidare, anten gjennom fleire kurs eller ved å gå i lære hjå andre kunstnarar.

Skulen er den einaste reine klassisk figurative kunstskulen i Nord-Europa - i den same tradisjon som dei gamle meistrane. Ein må til Firenze i Italia for å finne noko liknande kunstuddanning.

Nysgjerrig møter eg opp og forventar eit stort lyst lokale i det gamle huset ho og mannen leiger, men blir guida opp på loftet til eit rom



med nesten tildekka vindauge. Ei stripe av dagslys treff modellen på skrå nedover ansiktet.

- Det er slikt lys mange av dei klassiske målarane arbeidde under; clair-obscur, som betyr lys-mørk, seier Øverbye.

Tyske Julia Werner sit tålmodig modell og held den same posituren i 20 minuttar av gongen. - Det er spennande å sjå korleis det blir, seier ho og legg til at: - Guro er svært dyktig.

- Eg reknar rundt 15 timer pr.modell. Det skjer noko heile tida. Noko som endrar heile inntrykket. Men til helga må eg vere ferdig, seier kunstnaren som har utstillingar og juryar som ventar.

### På jakt etter modellar

Øverbye er i ferd med å byggje opp si eiga bedrift; inntil vidare i eit leidt hus. Det er mykje å setje seg inn i, samstundes som ho er på leit etter modellar. Folk i alle aldrar som er villige til å sitje modell - for ein rimeleg penge.

- Det viktigaste er ikkje utsjånaden, men utstrålinga, seier ho og legg til at dei må i tillegg vere nøgde med beskjeden løn dei timane dei skal sitje i ro. Ein krevjande jobb i seg sjølv.

Ho er også klar til å ta imot ordre om portrett; anten som måleri eller teikning.

- Eg kan ta utgangspunkt i fotografi, men det beste er om personen sjølv stiller nokre timer.

Den nyutdanna kunstnaren er klar over at det kan og vil ta tid å bli kjent. - Eg er ikkje kunstnar etter to års skule, seier ho audmjukt.

Tekne har ho gjort heile livet, for moro skuld. No er det alvor.

Øverbye har fått god respons og ho stiller gjerne ut i nærmiljøet, men siktat vidare for å nå størst mogeleg publikum. - Dersom ein skal lukkast økonomisk, er det truleg nødvendig å kome seg inn på galleri i ein av våre største byar. Hovudsaken for meg er å få kunsten ut så den blir synleg for folk, seier ho som sjølv er frå Asker.

- Målet mitt er å bli bra. Jævla bra, legg ho til. Ordvalet overraskar, for personen Øverbye er ein behageleg type som ikkje ropar høgt for å få merksemnd. Ho minner meir om ein målmedviten arbeidsmaur som steg for steg arbeider seg mot målet.

- Eg jobbar for å oppnå kvalitet på det eg gjer. Det finst så mange dyktige kunstnarar at dersom ein skal slå igjenom må ein kunne levere bra kvalitet, seier ho og legg til at einkvar liten "intellektuell krusedull" ikkje nødvendigvis er kunst.

Å vere tålmodig og nøyaktig er avgjerande eigenskapar i denne type arbeid.

#### På jakt etter småbruk

Men ho kan også vere utåmodig. Ho og mannen, Terje Johnsbråten, fører ein kamp for å finne ein plass å bu; eit småbruk som er til salgs. Begge har skapt arbeidsplassane sine sjølv og veit kva dei vil ha.

- Me flytter ikkje til Vestlandet for å bu i eit byggjefelt, seier dei litt oppgitte. Dei stiller krav og er mest av alt overraska over at ikkje kommunane i fylket gjer meir for å halde på unge og ressurssterke som vil bu her.

Paret er ei gåvepakning for dei fleste kommunar, men kva hjelpe det når ikkje tomme hus og småbruk blir lagt ut for sal.

Så spørst det om Øverbye vil bli ein kjend kunstnar med base i Sogn, eller om nokre andre trekkjer det lengste strået. Nokon som føler seg utfordra...? Paret Øverbye og Johnsbråten tek gjerne imot seriøse forslag.

## Satsar Norge på design?

Eg skal innrømme det; eg vart litt skuffa då den dyktige politiske journalisten Bente Engesland hoppa frå NRK over til redaktørstolen i KK.

Frykta for at ho skulle bli slukt opp av moteprat og sminke var grunnlaus. Dama har teke med seg kritiske poeng inn i den glansa damebladverda, som ho påpeiker i ein av leiarane sine:

Den svenske regjeringa har valt å bruke 60 millionar kroner på Designåret 2005. Tilsvarende bruker Danmark 40 millionar og Finland 100 millionar kroner. Kva så med Norge, spør ho og svarar: 4,5 millionar kroner...

Ho har eit stort poeng med at skal ein tenkje innovasjon og på det som kan bli «Norges nye olje», bør mote, interiør og design kome høgt på lista. «Kanskje må vi som har lidenskap for mote også bruke dette språket for å trenge gjennom. Ikke bare skrive og snakke om kunst og kultur, men om penger, eksport og makt..., skriv ho og håper fleire politikarar følgjer Arbeidspartiets ukrona kjoledronning, Karita Bekkemellem Orheim. Ho er blant dei få som seier det er på tide mote og design blir politisk stovereint.

## 4H-erfaring avgjerande for politisk leiar

- Da jeg var liten, var jeg så beskjeden at foreldrene mine sendte meg bort hvis vi skulle ha gjester. Jeg ble rett og slett skrekkslagen av folk jeg ikke kjente. Men det snudde da jeg ble formann i Hvam 4H som 12-åring. Da ble jeg nødt til å lede møter selv om jeg nesten kastet opp av nervositet. Egentlig kan du vel kanskje si at hadde det ikke vært for Hvam 4H, hadde jeg nok ikke vært leder i SP i dag, innrømmer Åslaug Haga. (KK, 35/2005)

## Velfortent pris til Venke Aarethun

Lærdalskvinnen Venke Aarethun fekk TroNett-prisen 2005.

I 20 år har Aarethun arbeidd for å gje folket i Palestina ein betre kvardag. For første gong får ho heider, ros og stipend for arbeidet sitt.

I slutten av 1985 reiste Aarethun som nyutdanna sjukepleiar til Libanon. Då leirkriegen i Sabra og Shatilla blussa opp året etter, vart ho stengd inne i flyktningeleiren i eit halvt år. Dei fekk ikkje inn forsyningar av korkje medisinar eller mat, og levde på knappe matrasjonar. Dette fekk ho ikkje til å gje opp; tvært imot fekk ho smugla ut filmar for å dokumentere tilstanden i området. Sjølv om det var tøft, har prislønnaren berre halde fram med å stå på, sa Liv Turid Storli i grunngjevinga for prisen.

- Heller ikkje at ho vart mor i 1991 har sett ein stogg for arbeidet. Aarethun reiser til Palestina rundt fire gonger i året, og tek seg også årlig ein tur innom Libanon. Ho har vore leiar for Palestinakomiteen i Trondheim i fire år, og leia Palestinakomiteen i Noreg i ti år.

I Palestina er ho prosjektleiar for eit UD-finansiert prosjekt. Palestinakomiteen har også drive debriefingsprogram for ambulansepersonell og familiene deira.

Prislønnaren leiar venskapsforeninga Trondheim-Ramallah etter at dei to byane vart venskapsbyar og ho har fått til avtale mellom Lærdal og Jericho.

- TroNett-styret er særleg oppglødd over at prislønnaren heile tida har sett kvinner og born i sentrum for arbeidet sitt. Trondheimsavdelinga «Kvinner viser veg», delte ut prisen ved avslutninga av kvinnenettverket TroNett sin store konferanse i Trondheim. Absolutt fortent, og Nettverksposten står seg i kø av gratulantar! Finn meir info om kvinnenettverket på [www.tronett.no](http://www.tronett.no)

## Pensjonskalkulator

Trygdeataren har plassert ein pensjonskalkulator på nettsidene sine. Tast deg inn på [www.trygdeataren.no](http://www.trygdeataren.no) og du kan finne ut kor mykje pengar du vil få utbetalt kvar månad etter at yrkeskarriera di er over. Du kan også bestille ein meir nøyaktig oversikt frå trygdekontoret.

[www.bedin.no](http://www.bedin.no)  
bedriftsinformasjon  
på internett